

STRYN KOMMUNE
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Att. Myrtle Thomassen

Kommunedelplan for kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, Stryn kommune

Vi viser til Stryn kommune sin kommunedelplan for kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som er lagt ut til offentleg ettersyn i brev av 09.09.2020. Vestland fylkeskommune takkar for høvet til å kome med innspel.

Vestland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Dei 4 måla i utviklingsplan for Vestland, vedtatt av fylkesting 29.09.2020, er alle også relevante føringar for arbeidet med kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i kommunane. Mål 1 tar for seg verdiskaping, mål 2 klima og miljø, mål 3 lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og mål 4 like mogleheter til å delta.

Vestland fylkeskommune har to regionale planar på kulturfeltet som gjeld i dei geografiske områda til ny regional plan for kultur er vedteke. Vi viser her til regional plan for kultur for Sogn og Fjordane 2019 - 2027 - Kultur for alle. Vedtatt anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland 2020-2024 er også førande.

Innleiing

Det er svært positivt at Stryn kommune prioriterer arbeidet med å lage kommunedelplan for kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planarbeidet er viktig for å gjere feltet relevant og synleg i kommunepolitikken, og skape gode, attraktive og berekraftige lokalsamfunn for innbyggjarane. Kommunedelplanen kan tene som førebilete for andre kommunar.

Stryn har hatt ein overordna kulturplan sidan 2008. Den vart revidert i 2012. Den første tematiske kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vart vedteken i 1994 og siste revidert i 2016. Kommunen har valt å samle begge planane i eit strategisk styringsdokument for heile kultur- og idrettsfeltet, med dei to handlingsprogramma. Kommunedelplan for kulturminne ligg under plan- og næringsavdelinga i kommunen og vart vedteken i 2017.

Planen refererer til det mest sentrale og relevante lovverk, stortingsmeldingar og regionale føringar og sette fokus på seks av FN sine berekraftsmål: 3 - god helse og livskvalitet, 4 - god utdanning, 9 -industri, innovasjon og infrastruktur, 11 - berekraftige byar og lokalsamfunn, 13 - stopp klimaendringane og 17 - samarbeid for alle. I tillegg viser planen til rammeplan for kulturskolen, mangfold og fordjuping og til Norsk friluftsliv - sikring av neste generasjons natur og helse.

Visjon er: kultur og fysisk aktivitet - heile livet.

Overordna mål er: kultur og fysisk aktivitet for alle

Hovudmål 1: Skape, utøve, delta, formilde, oppleve

Hovudmål 2: Utvikle fagleg kunnskap og kompetanse innan kunst, kultur og fysisk aktivitet

Planen har to vedlegg - handlingsprogram for kultur og handlingsprogram for anlegg.

Kommentar:

Planen gjer oss eit godt og detaljert innblikk i kommunen sine satsingar på kultur- og idrettsfeltet. Kommunen har tatt godt grep om planane med regelmessig oppdateringar og statusgjennomgang. Det er positivt at kommunen vil slå desse to kommunedelplanar saman Visjon og mål er relevant. Planen er forankra i kommuneplanens samfunnssdel. Det er bra at handlingsprogramma vert rullert åreleg og revidert kvar 4. år og kopla mot budsjettprosessen i kommunen. Det er positivt at det kommunale ansvaret som følgjer av kulturlova er framheva. Vi viser også til bibliotekstrategi - Rom

for demokrati og danning som er grunnlag for den nasjonale bibliotekutviklinga 2020-2023, med mål om å vidareutvikle biblioteka som relevante og viktige kunnskapsinstitusjonar som skal bidra til folkeopplysning og danning for befolkninga. Dette kan omtalast under nasjonale føringer.

Fylkeskommune oppmodar til endå sterkare integrering av desse to planane og meir synleg kopling til kommunedelplan for kulturminne. Måla i planen gjeld på tvers av sektorane. Kulturliv, idrett, kulturarv og friluftsliv saman er rike kjelder til identitet, verdiskaping, helsefremjande faktorar, sjølvforståing og trivesl. Dei er ressursar som skal gje innhald i lokalsamfunn og danne ramme for det gode kvardagsliv. Det er fleire felles utfordringar som utløyse tiltak som går på tvers av sektorane. Satsingar innafor barn, unge og eldre, kompetanseheving, formidling, deltaking og inkludering av alle, frivilligsatsing, utvikling av møteplassar er slike satsingar. Kopling mot kommunedelplan for kulturminne kan utløyse fellessatsingar innafor immaterielle kulturarv, musea og frivillige, styrke kopling mellom friluftsliv og kulturarv, styrke satsingar innan kulturnærings og stadutvikling.

Kap. 4 Kultur

Stryn kommune har eit variert, rikt og allsidig kulturliv. Lag og organisasjonar tilbyr aktivitetar til innbyggjarane i alle aldersgrupper. Med relativt lite midlar har kultur klart å genererer auka aktivitet og deltaking. Kulturindeksen frå 2018 for Stryn kommune viser at den kulturelle skulesekken og bibliotek er to felt der Stryn får gode resultat. Dei siste åra har kommunen hatt ein auke i kino og kulturskule. Kommunen peike på følgjande utfordringane:

- å få ut informasjon om ulike tilbod
- skape gode møteplassar som er tilgjengeleg for alle
- kostnader ved deltaking skaper barriere for nokon
- offentleg transport mellom sentrum og grendene påverke negativt på deltaking særleg for barn og unge.

Kommunen har evaluert tiltak i førre kulturplan og vist fram kva som er gjennomført, delvis gjennomført og ikkje gjennomført. I tillegg drøfter planen status, utfordringar, mål strategi og tiltak på følgjande tema:

- Bibliotek
- Kulturhus/Kino/symjehall
- Barn og unge
- Frivillig sektor
- Organisasjonseigde kulturbrygg
- Kunstmalleri/utstilling/utsmykking
- Museum/lokalhistorie/kulturarv
- Kultur, inkludering deltaking
- Kultur og næring

Kommentar:

Kommunen jobbar systematisk og målretta og har fått gjennomført mange viktig kulturtiltak. Tabellen på side 9 og 10 viser at manglande midlar er årsak til at fleire av tiltaka ikkje er gjennomført. Dette gjeld driftsmidlar til viktig kulturmiljø og musea, auke midlar til kulturminnefond, til frivillig lag og organisasjonar, til kunst og kulturnærings, lokale kulturbrygg, utstyr til kulturhus, kino og bibliotek og utviklingsplan for den kulturelle skulesekken. Det er positivt at handlingsprogram for kultur viser kor mykje midlar som trengst for dei ulike tiltaka og når det er tenkt gjennomført. På den måten er det enklare å knyte planen opp mot budsjett. At det følger økonomi med kommunale planar vil styrke gjennomføringa av handlings- og tiltaksprogram i planane.

Kunstmalleri/utstilling/utsmykking

Fylkeskommunen ser på utsmykking/kunst i offentleg rom som viktig, og det er fint at dette vert nemnd i planen. Vi vil også oppmøde kommunen til å vedta å fast setje av ein viss prosent av byggesum ved nye bygg til føremålet, jf td. den fylkeskommunale modellen for dette (med avsetting av 1,2% av entreprisersekostnadane til kunst).

Kultur og næring - profesjonell kunst

Fylkeskommunen ser det som viktig at kommunar har ein medvite politikk for det profesjonelle kunstfeltet og kunstnarar. Stryn kommune kan vurdere å gjøre dette feltet til ein noko tydelegare del av planarbeidet. Kunstopplag handlar både om å utvikle gode vilkår for profesjonelle kunstnarar som kan arbeide og bu i ein kommune, og å utvikle strategiar for korleis innbyggjarane

skal kunne oppleve og møte kunst. Det ligg også eit næringspotensiale, m.a. turisme i den profesjonelle kunsten og kunstnarane.

Museum/lokalhistorie/kulturarv

Vi viser til ny stortingsmelding om nye mål i kulturmiljøpolitikken:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/kulturmiljo/id2697943/>

Her vil vi særleg peike på gjenbruk og istrandsetting av kulturminne og kulturmiljø som er samfunnsviktig både av omsyn til klima, ressursbruk og økonomi. Å finne god balanse mellom vern og utvikling er ei av desse utfordringane. Kulturminne er ressursar for å byggje samfunnet. Kommunen har ansvar å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleveling, bruk og gjenbruk (sirkulær økonomi).

Det er fint at kommunen har fokus på formidling av lokal historie og skal styrke og bevare immaterielle kulturarv gjennom bruk. Vi saknar eit tydlegare fokus på bevaring av immaterielle kulturarv i planen. Immaterielle kulturarv er eit omgrep som også inkluderer arkiv (anten det er tale om foto, audiovisuelt eller skriftleg kjeldemateriale), altså det som går på bevaring av kjelder til kulturhistoria/lokalhistoria i kommunen.

Kultur, inkludering deltaking, frivillige

I samband med regionreforma overtok fylkeskommunen fleire nye integreringsoppgåver innan busetting, kvalifisering, førebygging og frivillighet frå Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet.

Regjeringa vedtok ny integreringslov 13.10.2020. I arbeid med utviklingsplan for Vestland og dei påfølgande regionale planane vert det meisla ut regional politikk på integreringsfeltet. Dette er ein ny arena for tett samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen framover særleg innafor utdanning, næringsliv, kultur og folkehelse.

Stryn kommune viser at det er fokus på deltaking og inkludering gjennom mål om varierte tilbod for alle målgrupper. Fylkeskommunen oppmodar til at inkludering vert gjennomgående for heile kultur og idrettsfeltet, då dette er ei tydeleg satsing regionalt. Det er bra at kommunen peikar på særlege målgrupper som fleirkulturelle og menneske med nedsett funksjonsevne.

For å få gode prosessar kring medverknad og inkludering, vert kommunen oppmoda til å samarbeide på tvers av fag, målgrupper, offentlege, private og frivillige aktørar. Planen kan med fordel vise til korleis kommunen kan jobbe med dette og kva aktørar som er naturleg å samarbeide med på dei ulike områda.

Kap 5 Idrett fysisk aktivitet og friluftsliv

Planen tar opp anleggspolitikk og tiltak for tilrettelegging for fysisk aktivitet og friluftsliv.

Kunnskapsgrunnlag fot utvikling, status, strategi og tiltak vart drøfte på følgande tema:

- Anleggspolitikk
- Utviklingstrekk
- Aktivitetsnivå
- Evaluering av førre plan - Statusoversikt
- Handlingsprogram og aktivitetet i perioden 2021-2024.

Kommentar:

Det er positivt at kommunen har eit fokus på kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn i høve trendar i aktivitet og inaktivitet. Å sjå anleggsutviklinga i samanheng med dette vil kunne gje aktivitetsanlegg som er betre tilpassa brukargruppene i framtida. Kommunen vert oppmoda til å sjå til eksisterande kunnskapsgrunnlag som t.d. Ungdata, folkehelseoversikt, oppvekstbarometer m.m. for å sikre tilpassa tiltak for dei utfordringane som finst i kommunen. Fylkeskommunen oppmodar vidare til brei medverknad og grundige behovsvurderingar før ein avgjer kva som skal byggast.

Friluftsliv vert peika på som viktig for den fysiske aktiviteten til folk flest. For å ta i vare dette, er tilrettelegging av friluftsliv, turstiar og sikring av friluftsområde er viktig grep i kommunane. Det vert oppmoda til å skildre i meir detalj korleis kommunen skal jobbe med dette.

Handlingsprogram ordinær anlegg:

Prioritet 6-11, anleggsutvikling på Ullsheim skisenter i regi av eigar Markane IL har fylkeskommunen blitt kontakta om oppsett på søknadene og «rader» i handlingsprogrammet. Tilbakemeldingane er sendt til Markane idrettslag ved Elbjørg Hatledal med kopi til Stryn kommune ved Myrtel Thomassen. Vi godkjenner 50 % spelemiddelfinansiering på langrennsløyper og 1/3 av godkjend kostnad på langrennsstadion inklusiv skyteskiver skiskyttarstadion.

- Linje 6 og 7 i handlingsprogrammet er ein spelemiddelsøknad.
- Linje 14; Bruk nedfart, ny som skildring på dette anlegget
- Linje 15; Bruk nedfart, rehabilitering som skildring på dette anlegget.
- Linje 18; Bruk skiløype som skildring på dette anlegget.
- Linje 19; Bruk Klubbhus som skildring på dette anlegget
- Linje 20; Bruk symjehall rehabilitering dusj og garderobe som skildring på dette anlegget
- Linje 24; Bruk lager som skildring på dette anlegget
- Linje 26; Bruk klubbhus som skildring på dette anlegget
- Linje 27; Bruk lysanlegg som skildring på dette anlegget
- Linje 33; Bruk heis som skildring på dette anlegget

Handlingsprogram nærmiljøanlegg:

- Linje 11 er eit ordinært anlegg og skal førast opp her.

Vi oppmodar om ikkje å operere med langtidsprogram på nærmiljøanlegg, ev. setje desse på siste del av planperioden.

Handlingsprogram

Fylkeskommunen oppmodar kommunen om å ha eit samla handlingsprogram for heile kommunedelplanen. Alle tiltak som er planlagt bør vere med. Vi gjer merksam på at fleire av tiltaka lista opp under kvart seksjon i kapittel 4 Kultur ikkje viser igjen i vedlagt handlingsprogram. Vedlegg med «handlingsprogram for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv» har kun tiltak relatert til anlegg, mens i sjølve tekstdelen av kommunedelplan kjem det fram mange gode tiltak som er tenkt gjennomført under handlingsprogram for aktivitet (Kap. 5.5).

Viktige felt og grupper som kommunen kan samarbeid med på å nå fleire av måla:

- Frivillig sektor
- Kunst- og kulturinstitusjonar
- Det frie, profesjonelle feltet, utøvande og skapande kunstnarar innan ulike kunstformer.
- Integrering og inkluderingsperspektivet.
- Immateriell kulturarv, som stadnamn, tradisjonsmusikk, livsminne, tradisjonshandverk og annan handlingsboren kunnskap.
- Dokumentarv og dokumentasjon, som privatarkiv, kulturhistoriske foto, lyd- og filmdokumentasjon.
- Møteplassar, som bibliotek, anlegg for idrett og friluftsliv, kulturbrygg og dei møteplassane som vert skapt av frivillig aktivitet
- Digital kulturformidling

Lykke til i det vidare arbeidet!

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
konst seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift